## Gruppe frå Stord på Uskedalsvisitt

03.06.2015



Gruppa på gamle pultar (Foto; Kjell Vestrheim)

**Audun Eik var vert då ei gruppe på 38 frå Stord vitja Uskedalen idag. Han har inntrykk av at opplegget var vellukka. Gruppa var mellom anna innom gamleskulen på Haugland og opplevde skuledagen slik den gjekk føre seg i gamle dagar.**
**Liv Eik var lærar ved dette høve......-**

Eit anna innslag var ein rusletur langs Fjellandsbøvatnet.Ein av deltakarane kunne opplysa at bestefaren hans kom frå Fjellandsbø og fleire andre hadde røter på denne idylliske staden, Turen var arrangert av Hageruphuset, ein spesiell institusjon som mellom mykje anna tek med grupper rundt - både i nærområdet og lenger unna.

Tekst og nett. Ola Matti Mathisen